



OFFENTLEG MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtedato: 12.02.2014
Møtetid: 16:00 - 19.10
Møtestad: Kommunehuset

Av 7 medlemmer møtte 7, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemene møtte ikkje:	I staden møtte:
Birthe Skar-Moum (Ap)	Heidi Gjerde (Ap)
Roy Vegar Hope (H)	Eva Hellevang (H)

Andre som var til stades på møtet:
Rådmann Ramsli, Ass.rådmann Våge og Stabsjef Boge

Møteleiar:	Ordførar Marit Aase (Krf)
Møtesekretær:	Ass.rådmann Hilde-Lill Våge

Merknader:

Orienteringar/meldingar:	
Spørsmål/interpellasjonar:	
Dokument utlevert i møtet:	

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 18.02.2014

Underskrift utvalsleiar

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
005/14	14/142	Faste saker	
006/14	13/157	Personalsak - Tingingar med arbeidstakar	U Ikkje offentleg
007/14	13/849	Oppfølging av rapport om barnevernet i Samnanger	
008/14	09/354	Bustadhus Hagamulen SOLLI gnr 27, bnr 64.	
009/14	12/475	Tilleggsøyvingar 2012-2015 - reparasjon av kai på Ytre-Tysse	
010/14	12/574	Utbygging av Sandelva - Rolvsvåg, godkjenning av avtale mellom Blåfall som utbyggjar og Samnanger kommune som grunneigar	
011/14	13/334	Leige av grunn til Totræna vinterpark	
012/14	11/573	Betalingsoppmoding/varsel om rettsleg inndring	

SAKNR. 005/14
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

12.02.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Utvalet slutta seg til saklista med to ekstra saker sak 11/14 og 12/14.
Utvalet sitt kvarter:

Gunnar Bruvik (Frp) kommenterte at det er svært skittent på Fv 48 gjennom Ytre-Tysse sjølv om kostebil hadde vore i aktivitet.

Bright Olav Gåsdal (Ap): Viste til artikkel i Kommunal rapport om korleis Sarpsborg handterer pensjonskostnader i utrekninga av tilskotet til private barnehagar. Fylkesmannen har godkjent å bruka tilsette i barnehagen sine pensjonskostnader. Vanlegvis vert det lagt til grunn å nytta gjennomsnittet i kommunane. Ass.rådmann orienterte om tilskot til private barnehagar og kva som påverkar storleiken. Pensjonskostnader er med i vurderinga. Det er no lagt opp til 4 teljedatoar i året, noko som er viktig for Samnanger sidan me har teke inn barn fortløpande. Det vart også opplyst at det f.t. ikkje er ledige plassar i barnehagane til kommunen.

Øyvind Røen (Sp): etterlyste svar på spørsmål vedk. paviljongen. Ass.rådmann orienterte at det kjem ei orientering direkte til kommunestyret den 5 mars.

FORM-005/14 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

SAKNR. 006/14

PERSONALSAK - TINGINGAR MED ARBEIDSTAKAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Evt. avtaleutkast vert presentert i møte.

12.02.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Handsaming av saka gjekk for lukka dører.

[Redacted text block]

[Redacted text block]

[REDACTED]

Brigt Olav Gåsdal (Ap) sette fram følgjande framlegg: ” Samnanger kommune godkjenner den framforhandla ”fratredelseavtalen” mellom Samnanger kommune og barnevernsleiar/ einingsleiar for sosial og helse slik han ligg føre den 10.02.14. Vedtaket er gjort med heimel i § 13 i kommunelova og vedtaket vert meldt kommunestyret. [REDACTED] ”

Øyvind Røen (Sp) sette fram følgjande framlegg: ”Samnanger kommune godtek ikkje den framforhandla ”fratredelsesavtalen” mellom kommunen og [REDACTED]. Kommunen avslutter likevel tilsetjingstilhøvet [REDACTED] har til kommunen.”

Det vart røysta alternativ over framlegga. Røen sitt framlegg fekk 1 røyst (Øyvind Røen Sp) og Gåsdal sitt framlegg vart vedteke med 6 røyster. (Brigt Olav Gåsdal Ap, Heidi Gjerde Ap, Gunnar Bruvik Frp, Eva Hellevang H, Ragnfrid Aadland Olsnes Bl og Marit A Aase Krf)

FORM-006/14 VEDTAK:

Samnanger kommune godkjenner den framforhandla ”fratredelseavtalen” mellom Samnanger kommune og barnevernsleiar/einingsleiar for sosial og helse slik han ligg føre den 10.02.14. Vedtaket er gjort med heimel i § 13 i kommunelova og vedtaket vert meldt kommunestyret. [REDACTED]

SAKNR. 007/14

OPPFØLGING AV RAPPORT OM BARNEVERNET I SAMNANGER

12.02.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Formannskapet ønskte å ha inn ei setning om rapporten som første del av vedtaket. Det var semje om følgjande: ”Rapporten frå granskinga av barnevernet i Samnanger vert lagt til grunn for vidare arbeid med barnevernet i Samnanger kommune.”

...legg til grunn i 1. setning vert erstatta med føreset... ”

Rådmannen sitt framlegg med tillegg og endring som vist over vart samrøystes vedteken.

FORM-007/14 VEDTAK:

Rapporten frå granskinga av barnevernet i Samnanger vert lagt til grunn for vidare arbeidet med barnevernet i Samnanger kommune.

Kommunestyret føreset at det kjem på plass eit godt og tenleg internkontrollsystem når Samnanger kommune inngår i eit interkommunalt samarbeid om barnevernet. I påvente av det skal kontoret har ekstra merksemd på lover og forskrifter, og sjå til at dei vert følgt opp. Dette gjeld særleg på område Samnanger kommune har hatt negativt avvik, m.a. å overhalda lovmessig tidsfristar.

Kommunestyret er samd i at ved å få på plass eit system for tverrfagleg samarbeid for barn og unge vil ein ha eit godt reiskap som sikrar godt samarbeid både internt i kommuneorganisasjonen og med eksterne samarbeidspartar.

SAKNR. 008/14**BUSTADHUS HAGAMULEN SOLLI GNR 27,BNR 64.****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune startar førebuingane med sal av kommunal eigedom i Hagamulen. Som del av dette arbeidet skal leigetakarane få god informasjon, og før salet må dei vera tilbydd alternativ bustad.

Kommunen kan, dersom det ikkje vert oppnådd akseptabel pris, fortsetta å eiga eigedomen. Kostnadene med salet vert finansiert ved salssummen. Dersom kommunen vel å behalda eigedomen, vil ein koma attende til finansiering av kostnadene.

12.02.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FORM-008/14 VEDTAK:

Samnanger kommune startar førebuingane med sal av kommunal eigedom i Hagamulen. Som del av dette arbeidet skal leigetakarane få god informasjon, og før salet må dei vera tilbydd alternativ bustad.

Kommunen kan, dersom det ikkje vert oppnådd akseptabel pris, fortsetta å eiga eigedomen. Kostnadene med salet vert finansiert ved salssummen. Dersom kommunen vel å behalda eigedomen, vil ein koma attende til finansiering av kostnadene.

SAKNR. 009/14**TILLEGGSLØYVINGAR 2012-2015 - REPARASJON AV KAI PÅ YTRE-TYSSE****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Det vert løyvd inntil kr 30.000 til reparasjon av stigar på betongkaia på Ytre-Tysse og til oppsett av ein redningsstige på same kaianlegget samt til sikring av trekai. Summen vert finansiert ved bruk av næringsfondet.

Det vert ikkje løyvd ytterlegare midlar til reparasjonar m.m. av kai på Ytre-Tysse. Det inneber at trekaia må sikrast og stengjast av både frå landsida og sjøsida.

12.02.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Brigt Olav Gåsdal (Ap) og ass.rådmann orienterte og om avtale som no er framlagt for A.Hadeland.

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FORM-009/14 VEDTAK:

Det vert løyvd inntil kr 30.000 til reparasjon av stigar på betongkaia på Ytre-Tysse og til oppsett av ein redningsstige på same kaianlegget samt til sikring av trekai. Summen vert finansiert ved bruk av næringsfondet.

Det vert ikkje løyvd ytterlegare midlar til reparasjonar m.m. av kai på Ytre-Tysse. Det inneber at trekaia må sikrast og stengjast av både frå landsida og sjøsida.

SAKNR. 010/14**UTBYGGING AV SANDELVA - ROLVSVÅG, GODKJENNING AV AVTALE MELLOM BLÅFALL SOM UTBYGGJAR OG SAMNANGER KOMMUNE SOM GRUNNEIGAR****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune som fallrettseigar sluttar seg til avtalen med Blåfall om utbygging av Sandelva.

Samnanger kommune presiserer at dette ikkje har innverknad på korleis Samnanger kommune som forvaltningsorgan vil handsama/gje uttale til konsesjonssøknaden.

12.02.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FORM-010/14 VEDTAK:

Samnanger kommune som fallrettseigar sluttar seg til avtalen med Blåfall om utbygging av Sandelva.

Samnanger kommune presiserer at dette ikkje har innverknad på korleis Samnanger kommune som forvaltningsorgan vil handsama/gje uttale til konsesjonssøknaden.

SAKNR. 011/14**LEIGE AV GRUNN TIL TOTRÆNA VINTERPARK****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune inngår leigeavtale med Samnanger idrettslag om leige av kommunen sin grunn ved gnr 25/ bnr 1 i 40 år vederlagsfritt.

12.02.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Rådmannen trekte attende tilrådinga si og la fram slikt nytt framlegg til vedtak:

Gjeldande avtale mellom Samnanger kommune og Samnanger idrettslag om leige av kommunal grunn i Totræna gbnr 25/1 vert gjort gjeldande fram til 31.12.2054.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FORM-011/14 VEDTAK:

Gjeldande avtale mellom Samnanger kommune og Samnanger idrettslag om leige av kommunal grunn i Totræna gbnr 25/1 vert gjort gjeldande fram til 31.12.2054.

SAKNR. 012/14**BETALINGSOPPMODING/VARSEL OM RETTSLEG INNDRIVING****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Betalingsoppfordringar/varsel om rettsleg inndriving frå Solbjørg Drift A/S vert oversendt til kommuneadvokaten for vurdering.

12.02.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FORM-012/14 VEDTAK:

Betalingsoppfordringar/varsel om rettsleg inndrivning frå Solbjørg Drift A/S vert oversendt til kommuneadvokaten for vurdering.